



Sund kommune



Dok.dato: 12.03.2015

Vår Ref: 14/618-30

Arkiv: 101.4

KOMMUNEDELPLAN TRAFIKKSIKRING

2015 - 2025

Godkjent i Sund kommunestyre 16.06.2015

Innhald

| | |
|---|----|
| | 1 |
| Dok.dato: 12.03.2015 Vår Ref: 14/618-30 Arkiv: 101.4 | 1 |
| 1. Innleiing | 3 |
| 1.1. Bakgrunn..... | 3 |
| 1.2. Organisering og gjennomføring av planarbeidet | 3 |
| 2. Overordna føringar for trafikksikringsarbeidet | 4 |
| 2.1. Nasjonale føringar | 4 |
| 2.2. Regionale føringar | 4 |
| 3. Utfordringar og mål..... | 5 |
| 3.1. Utfordringar..... | 5 |
| 3.2. Nullvisjon | 5 |
| 3.3. Overordna mål..... | 5 |
| 4. Strategiar | 6 |
| 5. Satsingsområde | 6 |
| 5.1. Handlingsskapande og førebyggjande arbeid | 6 |
| 5.2. Fysiske utbyggingstiltak | 7 |
| 6. Handlingsplan med tiltak..... | 9 |
| 6.1. Haldningsskapande og førebyggjande tiltak. | 9 |
| 6.2. Drift og vedlikehald | 9 |
| 6.3. Mindre utbyggingstiltak..... | 10 |
| 6.4. Større utbyggingstiltak | 10 |
| 6.5. Veglysutbygging..... | 11 |
| 6.6. Bussrundkøyningar..... | 11 |
| 6.7. Risikopunkt. | 11 |
| 7. Prioritering..... | 12 |
| 7.1.Handlingsskapande og førebyggjande tiltak | 12 |
| 7.2.Drift og vedlikehald | 12 |
| 7.3.Mindre utbyggingstiltak | 12 |
| 7.4. Større utbyggingstiltak | 12 |
| 7.5. Veglysutbygging..... | 12 |
| 7.6. Risikopunkt og bussrundkjøringar | 12 |

1. Innleiing

Trafikktryggleik handlar om å ferdast trygt i lokalmiljøet sitt, anten som fotgjengar, syklist eller bilist og anten ein er barn, ungdom, vaksen eller gamal. Vidare er trafikktryggleik viktig i eit folkehelseperspektiv, for alle typar trafikkantar og alle aldersgrupper.

Utfordringa er å få sett arbeid med trafikktryggleik på den politisk dagsorden, slik at tiltaka vert gjennomført i høve til planen.

1.1. Bakgrunn

I Sund kommune sin planstrategi 2013 – 2015 er kommunedelplan for trafikksikring ført opp under planar som skal rullerast. Planen skal erstatta tidlegare plan som gjeld fram til 2015.

Sund kommunestyre vedtok i sak K-050/14 oppstart av planarbeidet med rullering av kommunedelplan for trafikksikring. Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med framlagt prosjektspesifikasjon.

I høve til tidlegare praksis vert trafikksikringsplanen også denne gongen samordna med kommunedelplan for vass- og avlaup, for betre å leggja til rette for gode samkjørte prosjekt.

1.2. Organisering og gjennomføring av planarbeidet

I kommunestyret sitt vedtak om oppstart av planarbeid med rullering av kommunedelplan for trafikksikring, vart Saksgruppe næring og utvikling oppnemnde som politisk styringsgruppe for planarbeidet. Kommunestyret hadde også ynskje om at Saksgruppe levekår og nærmiljø er ein aktuell aktør i planarbeidet.

Rådmannen som prosjektansvarleg har peika ut ei arbeidsgruppe med prosjektleiar og sekretær frå rådmannen sin stab, folkehelsekoordinator og leiar driftsavdelinga. Denne gruppa har stått for utkast til plandokumentet. Kart og oppmåling i Sund kommune har laga kartvedlegget.

Arbeidet er gjennomført i samsvar med retningslinene for kommunedelplanarbeid i Plan og bygningslova. Dette planarbeidet er gjennomført samstundes som kommunen sin plan for vassmiljø, vassforsyning og avlaup har vorte rullert – slik at delar av handlingsprogramma i dei to planane kan verte vurderte i samanheng.

Følgjande punkt inngår i planprosessen:

- Tildelt etter søknad kr. 50 000 frå Hordaland Fylkeskommune til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan
- Løypande orientering og diskusjon i styringsgruppa SNU

- Møter i arbeidsgruppa
- Ope informasjons- og innspelsmøte 12.11.2014
- Brev til skulane, barnehagane lag og organisasjonar med invitasjon om å delta med innspel til planen
- Deltaking på seminar om trafikkisikring i regi av Hordaland Fylkeskommune
- Trygg Trafikk-representant deltok i møte med barnehagestyrarane og rektorane
- Arbeidsgruppa og Statens vegvesen på synfaring
- Styringsgruppa og arbeidsgruppa på synfaring

2. Overordna føringar for trafikkisikringsarbeidet

2.1.Nasjonale føringar

Trafikkisikring er lovheimla i Vegtrafikklova §40 a *Ansvar for trafikkisikkerhetsarbeid.*, og i *Vegsikkerhetsforskrifta* frå 2011. Ho har som formål å betre tryggleiken i veginfrastrukturen gjennom å sette krav til tryggleiksforvaltning av vegnettet.

Statens vegvesen har ansvar for utbygging, drift, og forvaltning av det fylkeskommunale vegnettet på vegne av fylkeskommunen. I tillegg har vegvesenet ansvar for førarprøver, kontroll av kjøretøy og verneutstyr, informasjon og opplæring for å betre trafikkåtferd, samt oppfølging av trafikkskulane.

Vegane i Sund kommune er anten fylkeskommunale, kommunale eller private.

2.2.Regionale føringar

Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014 – 2017 er førande for utvikling av trafikkisikring av det fylkeskommunale vegnettet. Nullvisjonen er grunnlaget for målsetjingar, satsingsområde og tiltak i handlingsplanen. Planen har tre særskilde satsingsområde i planperioden:

- Trafikkisikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strøk
- Mjuke trafikkantar i byområde

Handlingsplanen med målsettingar og satsingsområde skal vere førande for det samla trafikkisikringsarbeidet i Hordaland. Hovudmålet er i samsvar med det nasjonale målet:

Tal personar som vert drepane eller hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024.

3. Utfordringar og mål

3.1.Utfordringar

Statistikken i tabellen under viser at det skjer ulukker i trafikken i Sund kommune, sjølv om talet på alvorlege ulukker har gått noko ned.

Innspela til trafikksikringsplanen, viser at det er uro mellom innbyggjarane i Sund for at det skal skje ulukker i trafikken. Særleg knyter denne uroa seg til at barna ferdast på vegar som vert oppfatta som ikkje trafikksikre nok.

På landsbasis er trafikkulukker eit stort helsetrugs mål for barn og unge – og ein av dei største forbrukarane av helsetenester. Trafikksikring er også folkehelsearbeid.

Tabellen under viser utviklinga i Sund kommune.

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Ulykker | 6 | 5 | 11 | 4 | 5 | 11 | 5 | 2 |
| Dødsulykker | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Drepne (tal personar) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skadde i alt (tal personar) | 8 | 7 | 16 | 10 | 7 | 15 | 11 | 2 |
| Hardt skadde (tal personar) | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 |
| Lettare skadde (tal personar) | 8 | 6 | 13 | 9 | 7 | 14 | 10 | 1 |
| Ikkje oppgjewe skadegrad (tal personar) | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |

3.2.Nullvisjon

Nullvisjonen er ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til død eller varig skade.

Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting.

Trafikantane skal fylgja spelereglane i trafikken og vera aktsame. Styresmaktene skal sørgja for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skadde.

3.3.Overordna mål

Sund kommune vil gjennom sitt trafikksikringsarbeid redusera talet på ulukker i trafikken med alvorleg fylgje.

4. Strategiar

Trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Sund kommune vil leggja til rette for trygg ferdsle for dei mjuke trafikantane ved å byggja eigne gangveggar. Dei mest trafikkerte vegstrekka vert prioriterte.

Auka gang og sykkelbruk. Sund kommune vil gjennom haldningsskapande arbeid få til at fleire går og brukar sykkel i staden for privatbil der det ligg til rette for det.

Auka bruk av kollektivtransport. Sund kommune vil gjennom haldningsskapande arbeid få til at fleire nyttar kollektivtransport i staden for privatbil der det ligg til rette for det.

Trygg skuleveg. Sund kommune vil i særleg grad medverka til trygging av skulevegane ved vidare utbygging av gang- og sykkelveggar.

Veglysutbygging. Sund kommune vil medverka til vidare utbygging av veglysanlegg langs gang- og køyrevegane.

Busslommer og busstur. Sund kommune vil medverka til vidare utbygging av busslommer med busstur.

Innfartsparkering. Sund kommune vil medverka til gode løysingar for innfartsparkering for å tilretteleggja for auka kollektivtransport.

Godt vedlikehald. Sund kommune vil sikra eit godt vedlikehald av sitt vegnett for å redusera risiko for ulukker.

5. Satsingsområde

5.1. Handlingskapande og førebyggjande arbeid

Haldningsskapande arbeid er viktig for å skapa betre trafikkultur. Vi må gjera alt vi kan for å førebyggja ulukker og skader. Alle må mobilisera for å redusera risikoen for trafikkskader. Det vert viktig å samla oss om enkle tryggingstiltak i kvardagen. Kva er mogleg å gjera?

Trafikkunnskap og øving i å ferdast i trafikken er vesentleg. Undervisningsopplegg i skule og barnehage er utvikla av Trygg Trafikk og må nyttast. Trygg Trafikk har kurs for lærarar og barnehagepersonell. Kunnskap kan bidra til betre haldningar.

Vi vaksne må først sjå på oss sjølve og vera medvetne på at vi er rollemodellar for barn og ungdommar. Det nyttar lite å koma med manande peikefingrar eller gode råd om vi ikkje følgjer trafikkreglane og viser gode haldningar sjølve.

Største utfordringa er ofte når foreldre køyrer egne barn til skulen. Blandingstrafikken med bussar, bilar og ungar på eit lite, avgrensa område skapar ofte svært trafikkfarlege situasjonar. Det kan vera meir hensiktsmessig å la elevane følgja bussen eller at foreldra slepp ungane av tidlegare, slik at dei går siste biten. Vi må nytta fotgjengarovergangar og sykkel-/gangveg der det finst. Refleksvest gjer oss godt synlege i trafikkbiletet.

Ei samanhengande utbygging og vedlikehald av gang- og sykkelveggar vil vera eit godt førebyggingstiltak mot ulukker. Med fleire stiar/gangveggar i nærmiljøa, kan vi henta ut store gevinstar med tanke på fysisk form og velvere. For alle som ikkje bur for langt unna skule, jobb og fritidsaktivitetar, vil det vera eit poeng å gå eller sykla i staden. Redusert bilbruk får effekt for folkehelsa og miljøet.

5.2.Fysiske utbyggingstiltak

Gangveggar og vegutbetring.

Det vert bygt gangveg langs FV 201 frå Eide til Spildepollen i samband med utbetring av fylkesvegen i samsvar med vedteken reguleringsplan.

Det vert bygt gangveg langs FV 201 frå Glesnes skule til Spildepollen. Tiltaket må sjåast i samanheng med planlegging av ny skule i Spildepollen.

Det vert bygt ny tilkomstveg med gangveg til industriområdet i Skaganeset - FV 198.

Det vert bygt gangveg langs FV 202 frå idrettsanlegget på Nipa til Telavåg skule.

Det vert bygt gangveg langs FV 555 frå Vorland til Forland i samband med utbetring av fylkesvegen i samsvar med vedteken reguleringsplan.

Det vert bygt gangveg langs FV 198 frå Stølen til kryss FV 555 i Klokkekarvik.

Det vert bygt gangveg langs FV 153 Austefjordsvegen frå Stranda barnehage til kryss FV 555.

Det vert bygt gangveg langs FV 555 frå Hammersland til Eide (langs Kørelen).

Det vert bygt gangveg langs FV 202 frå Øvretveit til Telavåg skule.

Det vert bygt gangveg langs FV 201 frå Glesnes Kai til Glesnes skule.

Det vert bygt gangveg langs FV 200 frå Tyrnevik (Bedehuset) til Sæle.

Veglysutbygging.

Veglysutbygging skal vera ein del av planen ved bygging av nye gangveggar.

Sund kommune vidarefører 50 % - regelen for tilskot til privat veglysutbygging langs offentleg veg.

Bussrundkøyringar.

Det vert bygt bussrundkøyring på Sæle, på Forland og på Golta.

Risikopunkt.

Området ved Skogsvåg skule får trafikkauke ved utvidinga av skulen. Tilrettelegging for trafikkavviklinga og ikkje minst bruken av trafikkanlegget må avklarast og fylgjast opp.

Ved Sund Ungdomsskule er det behov for ombygging av trafikkanlegget i medhald av vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert detaljplanlagt og gjennomført.

Ved krysset mellom FV 198 og Kyrkjevegen på Klokkarvik er det eit risikopunkt knytt til om bord og avstiging av på skulebussen. Tiltak vert planlagt og gjennomført.

Krysset på FV 198 i Litlesangolt er eit risikopunkt. Omlegging inngår i framlegg til reguleringsplan for veg til Skaganeset.

Vedlikehald

Sund kommune vil gjennomføra systematisk vedlikehald av vegnettet sitt slik at gangveggar og køyreveggar er trygge og tiltalende å ferdast på. Standarden på vintervedlikehaldet på kommunevegane skal samsvara med tilsvarende standard på fylkesvegnettet.

Ansvarsfordeling

For å sikra jamn, god oppfylgning på tiltaksområda i trafikksikringsplanen er det viktig å plassera ansvaret for dei ulike områda. Tabellen under viser korleis oppfylgingsansvaret er fordelt.

Ansvar og oppfølging:

| Område | Ansvar | Oppfølging |
|--|-------------------------|--|
| Ivaretaking av krav frå lover og forskrifter | Rådmannen | Sjekkpunkt med kommunalsjefane |
| Kvalitetssikring av barnehage og skular si trafikkopplæring | Kommunalsjef Oppvekst | Sjekkpunkt med rektorar og barnehagestyrarar |
| Gjera trafikk til eit samarbeidsprosjekt mellom barn, barnehage, skule og foreldre | Barnehagestyrar/ rektor | Barnehagelærarar, lærarar og SFO-tilsette |
| Foreldremøte om tema | Barnehagestyrar/rektor | Samtalar om lokale ordningar som betrar tryggleiken |
| Trafikkopplæring | Barnehagestyrar/rektor | Oppgåver/samtale/øving i barne-og elevgruppene med lærar |
| Reglar og rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil og buss | Barnehagestyrar/rektor | Lærarane bidrar med kunnskap og har praktiske øvingar heile året |
| Trafikkopplæring på ungdomsskulen og vidaregåande opplæring | Rektor | Lærarane følgjer opp i samfunnsfag og valfag |
| Trafikk og folkehelse | Folkehelsekoordinator | I samarbeid med skular og barnehagar |
| Statusmøte med Statens vegvesen, lensmannen og Trygg trafikk | Kommunalsjef teknisk | Referat til alle med ansvar for trafikksikring |
| Vedlikehald og drift av veganlegg | Kommunalsjef teknisk | Årsrapport driftsavdeling |
| Utbyggingstiltak | Kommunalsjef teknisk | Årsrapport |

6. Handlingsplan med tiltak

6.1. Haldningsskapande og førebyggjande tiltak.

Sund kommune vil styrkja det haldningsskapande og førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Minst 1 gang i året skal status på dette arbeidet og vidare oppfylgning drøftast med Statens Vegvesen, Lensmannen og Trygg Trafikk.

6.2. Drift og vedlikehald

Minst 1 gang i året skal status og vidare oppfylgning på dette feltet drøftast med Statens Vegvesen, busselskap og andre representantar frå brukarane av vegen.

6.3. Mindre utbyggingstiltak

Lista over mindre utbyggingstiltak skal oppdaterast 1 gang kvart år som ein del av budsjettarbeidet.

Oppmerka fotgjengarfelt: Det har i planarbeidet kome ei rekkje innspel på ynskje om å få etablert oppmerka fotgjengarfelt. Reglane for å etablere slike felt er strenge – og oppfølging av tiltak må gjennomførast i nært samarbeid med Statens Vegvesen. Administrasjonen handsamer aktuelle saker fortløpande.

Skilting: Det er greie reglar for prosedyre for å få sett opp nye trafikkskilt. Administrasjonen handsamer aktuelle saker fortløpande.

Fartsreducerande tiltak: På dette feltet kjem det jamt innspel frå innbyggjarane. Statens Vegvesen og Lensmannen gjev uttale i samband med etablering av fartsreducerande tiltak. Administrasjonen handsamer aktuelle saker fortløpande.

Busslommer og busstur. På dette feltet er det aktuelt å ha nært samarbeid med Statens Vegvesen. Administrasjonen handsamer aktuelle saker fortløpande.

Rekkverk og mindre sikringstiltak. Det vil som ein del av driftsoppfølginga av kommunale vegar verta avdekka behov for mindre sikringstiltak. Administrasjonen handsamer aktuelle saker fortløpande.

Kostnader knytt til mindre utbyggingstiltak vert vurdert kvart år i samband med budsjett.

6.4. Større utbyggingstiltak

Når det gjeld større utbyggingstiltak, må framdrift tilpassast planutvikling og utsikter til ekstern medfinansiering. Det vert lagt stor vekt på at desse tiltaka kan samordnast med utbygging av vass- og avlaupsleidningar.

Gangvegar og vegutbetring:

Det vert bygt gangveg langs Fv 201 frå Eide til Spildepollen i samband med utbetring av fylkesvegen i samsvar med vedteken reguleringsplan. Kostnad: 30 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 201 frå Glesnes skule til Spildepollen. Tiltaket må sjåast i samanheng med planlegging av ny skule i Spildepollen. Kostnad: 10 mill.kr.

Det vert bygt ny tilkomstveg med gangveg til industriområdet i Skaganeset - FV 198. Kostnad 30 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 202 frå idrettsanlegget på Nipa til Telavåg skule. Kostnad 8 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 555 frå Vorland til Forland i samband med utbetring av fylkesvegen i samsvar med vedteken reguleringsplan. Kostnad 70 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 198 frå Stølen til kryss FV 555 i Klokkevik. Kostnad 8 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 153 Austefjordsvegen frå Stranda barnehage til kryss FV 555. Kostnad 1 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 555 frå Hammersland til Eide (langs Kørelen).

Det vert bygt gangveg langs FV 202 frå Øvretveit til Telavåg skule. Kostnad 5 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 201 frå Glesnes Kai til Glesnes skule. Kostnad 5 mill.kr.

Det vert bygt gangveg langs FV 200 frå Tyrnevik (Bedehuset) til Hummelsund. Kostnad: 10 mill.kr.

6.5. Veglysutbygging.

Veglysutbygging skal vera ein del av planen ved bygging av nye gangveggar.

Sund kommune vidarefører 50 % - regelen for tilskot til privat veglysutbygging langs offentleg veg. Storleiken på tilskotssummen vert fastsett i årleg budsjett. Kostnad: kr.25.000.-

6.6. Bussrundkøyningar.

Det skal planleggjast og byggjast bussrundkøyring på Sæle, på Forland og på Golta. Kostnad: 1 mill.kr. pr. rundkøyring.

6.7. Risikopunkt.

Området ved Skogsvåg skule får trafikkauke ved utvidinga av skulen. Tilrettelegging for trafikkavviklinga og ikkje minst bruken av trafikkanlegget må avklarast og fylgjast opp. Det vert laga lokal handlingsplan. Kostnad: kr. 300.000.-.

Ved Sund Ungdomsskule er det behov for ombygging av trafikkanlegget i medhald av vedteken reguleringsplan. Tiltaket vert detaljplanlagt og gjennomført. Kostnad: 5 mill.kr.

Ved krysset mellom FV 198 og Kyrkjevegen på Klokkarvik er det eit risikopunkt ved av- og påstinging på skulebussen. Tiltak vert planlagt og gjennomført. Kostnad: kr. 200.000.-

Krysset på FV 198 i Litlesangolt er eit risikopunkt. Omlegging inngår i framlegg til reguleringsplan for veg til Skaganeset. Vurdering av oppmerka gangfelt.

7. Prioritering

7.1. Handlingsskapande og førebyggjande tiltak

Årleg oppfølging

7.2. Drift og vedlikehald

Årleg oppfølging

7.3. Mindre utbyggingstiltak

Årleg oppfølging. Tiltak som krev investeringsmidlar vert tekne med i årleg framlegg til budsjett.

7.4. Større utbyggingstiltak

1. FV 201 frå Eide til Spildepollen
2. FV 555 frå Vorland til Forland
3. FV 201 frå Glesnes til Spildepollen
4. FV 198 Litlesangolt til Skaganeset
5. FV 202 Nipa til Telavåg skule
6. FV 198 Stølen til kryss FV 555 på Klokkarvik
7. FV 153 Austefjordsvegen
8. FV 555 Hammersland til Eide (langs Kørelen)
9. FV 202 Øvretveit til Telavåg skule
10. FV 201 Glesnes kai til Glesnes skule
11. FV 200 Tyrnevik (bedehuset) til Hummelsund

7.5. Veglysutbygging

Årleg oppfølging.

7.6. Risikopunkt og bussrundkjøringar

Tiltak som krev investeringsmidlar vert teken med i årlege framlegg til budsjett. Det vert lagt vekt på å få gjennomført slike tiltak i samanheng med andre utbyggingsoppgåver. Dette gjeld særleg tiltak ved Skogsvåg skule og Sund ungdomsskule.



SAKSPAPIR

| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
|--------------------------------|------------|--------|
| Saksgruppe næring og utvikling | 27.05.2015 | 019/15 |
| Kommunestyret | 16.06.2015 | 048/15 |

| Saksansvarleg | Arkiv | Arkivsaknr |
|----------------------|-----------|------------|
| Gerhard Inge Storebø | N - 101.4 | 14/618 - |

RULLERING AV KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKSIKRING

Tidlegare saksutgreiing:

Saksutgreiing:

Sund kommunestyre har i sin planstrategi vedteke å rullera kommunedelplanen for trafikksikring.

Vurdering:

Gjeldande plan – «Hovudplan for trafikksikring 2006 – 2015» har vorte fylgd opp på ein god måte. Fleire av dei store tiltaka har vorte samordna med utbygging av vass- og avlaupsanlegg slik planen la til grunn. Også i arbeidet med rullering av planen vil ein sjå trafikksikring og va- utbygging i samanheng. Det vert lagt opp til parallelle rulleringsprosessar for desse planområda.

Økonomiske konsekvensar:

Sund kommune har søkt om og fått løyvt kr. 50.000.- frå Hordaland fylkeskommune til arbeidet med trafikksikringsplanen. Dette vil dekkja kostnader knytte til planarbeidet. Planarbeidet vil elles verta utført av kommunalt tilsette.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre vedtek oppstart av planarbeidet med rullering av kommunedelplan for trafikksikring. Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med framlagd prosjektspesifikasjon. Saksgruppe Næring og utvikling vert beden om å vera politisk styringsgruppe for dette planarbeidet.

03.06.2014 Formannskapet

F-037/14 Framlegg frå formannskapet (samr.):

Tilrådinga vert vedteken med flg. tilleggspunkt:

Kommunestyret ser det som naturleg at Saksgruppe levekår og nærmiljø også er ein aktuell aktør i planarbeidet (jfr. pkt. Prosjektomtale, siste avsnitt).

17.06.2014 Kommunestyret

Framlegget frå formannskapet vart vedteke samrøystes.

K-050/14 Vedtak:

1. Sund kommunestyre vedtek oppstart av planarbeidet med rullering av kommunedelplan for trafikksikring. Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med framlagd prosjektspesifikasjon.
2. Saksgruppe Næring og utvikling vert beden om å vera politisk styringsgruppe for dette planarbeidet.
3. Kommunestyret ser det som naturleg at Saksgruppe levekår og nærmiljø også er ein aktuell aktør i planarbeidet (jfr. pkt. Prosjektomtale, siste avsnitt).

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Kommunestyret har bede Saksgruppe Næring og Utvikling om å vera politisk styringsgruppe for dette planarbeidet.

Til dette første møtet etter kommunestyret sitt vedtak, er det invitert deltakarar frå andre instansar som kan gje nyttige innspel til arbeidet med rullering av trafikksikringsplanen:

Trygg Trafikk, Lensmannen, Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune og Sund Vatn og Avlaup AS. Dei er beden om å gjera greie for si deltaking i trafikksikringsarbeidet – og kva satsingsområde dei meiner er viktig for kommunane å prioritera.

Til denne første delen av møtet vert også Saksgruppe Nærmiljø og Levekår invitert.

Vurdering:

Administrasjonen har fylgjande framlegg til aktivitets- og tidsplan for planarbeidet:

- * Oppstartsmøte SNU – 24.09.2014
- * Kunngjering av oppstart planarbeid med invitasjon til offentleg orienterings- og innspelsmøte – oktober 2014.
- * Brev til barnehagar , skular, lag og organisasjonar med invitasjon til å koma med innspel/tilbod om nærare kontakt – oktober 2014.
- * Innspels-, registrerings- og utgreiingsfase – oktober til og med desember 2014.
- * Utkast til plandokument – drøfting i saksgruppa med ev. innspel frå andre – februar 2015.
- * Forslag til plan til kommunestyret – vedtak om høyringsrunde – mars 2015.
- * Ev. høyringsmøte – mars/april 2015.
- * Oppsummering av høyringsinnspel – tilråding til plan frå SNU – mai 2015.
- * Vedtak plan i kommunestyret – juni 2015.

Saksgruppa må drøfta om det er andre aktivitetar som skal leggjast inn i denne planen – og om tidsskjemaet ev. må justerast. Det er meininga å oppdatera/detaljera «Prosjektspesifikasjonen» etter oppstartsmøtet i SNU.

Tilråding til vedtak:

Saksgruppe Næring og Utvikling vedtek framlegg til aktivitets- og tidsplan for planarbeidet.

24.09.2014 Saksgruppe næring og utvikling

Saka vart handsama i fellesmøte med Saksgruppe Levekår og Nærmiljø.Representantane frå Statens Vegvesen, Lensmannen, Trygg Trafikk og Sund Vatn og Avlaup AS orienterte om trafikksikringsarbeidet desse verksemdene medverkar i. Det kom ein del innspel til planarbeidet Sund kommune no skal i gang med. Det var høve til å stilla spørsmål.

SNU-013/14 Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Nye opplysningar i saka

Saksutgreiing:

Arbeidsgruppa skal ha møte 13.10. SNU vil få referat frå dette møtet og høve til å koma med innspel. Det er framlegg om å skipa til ope møte om trafikksikringsplanen onsdag 12.11. Rammene for dette møtet kan drøftast.

Vurdering:

Saka vert fram for drøfting.

15.10.2014 Saksgruppe næring og utvikling

Referat frå møte i arbeidsgruppa 13.10.14 vart utdelt og orientert om på møtet. Utkast til invitasjonsbrev til ope møte 12.11.14 vart delt ut.

SNU-019/14 Vedtak:

Saksgruppe Næring og Utvikling sluttar seg til det vidare arbeidsopplegget.

NYE OPPLYSNINGAR I SAKA:

Ope møte om trafikksikringsplanen vart gjennomført 12.11.2014 som planlagt. Det møtte 13 deltakarar utanom dei som møtte frå kommunen. Med utgangspunkt i førebudde innleiingar, vart det stilt spørsmål og spela inn synspunkt. Deltakarane vart oppmoda om å koma med skriftlege innspel til planarbeidet.

Fram til årsskiftet er det registrert 12 skriftlege innspel til arbeidet med trafikksikringsplanen. Innspela femner vidt, men «trygg skuleveg» er det dei fleste er opptekne av. Sidan det no er fleire elevar som tek buss til barneskulane, har tilhøva ved buss-stoppa tydeleg fått eit større fokus.

Trygg Trafikk har engasjert seg i det vidare arbeidet med trafikksikringsplanen. Me har fått tilsend deira forslag til disposisjon for kommunal trafikksikringsplan. Arbeidsgruppa meiner at denne disposisjonen vil koma til nytte i det vidare arbeidet. Trygg Trafikk vil og ta del i oppfølginga mot barnehagar og skulane for å drøfta korleis førebyggjande trafikksikringsarbeid kan verta styrka.

Arbeidsgruppa har laga utkast til disposisjon for planforslaget – og så smått starta skrivearbeidet.

Tiltaksplanen er og drøfta.

Det vert orientert nærare om planarbeidet på møtet. Saka vert lagt fram for drøfting.

15.01.2015 Saksgruppe næring og utvikling

Administrasjonen orienterte om planarbeidet, mottekne innspel og hovudtrekk i komande handlingsplan. Trygg Trafikk har gjeve innspel på disposisjon på kommunal trafikksikringsplan. Saksgruppa gav positiv tilbakemelding på tanken om å ta utgangspunkt i denne disposisjonen – særleg for det som gjeld handlingsplanen.

Saksgruppa drøfta foreldrekøyring til skulane og tiltak for å redusera omfanget eller betre tilrettelegging for slik køyring.

Saksgruppa ynskjer å leggja opp til synfaring etter at planforslaget har vore ute til ettersyn/høyring. Målet er at kommunestyret skal vedta slik utlegging på møtet 24. mars.

SNU- 004/15 Vedtak:

Saksgruppa tek orienteringa til etterretning.

Nye opplysningar i saka:

Den administrative arbeidsgruppa har arbeidd vidare med planutkastet. 24.02. var det synfaring i lag med vegvesenet for å sjå på dei punkta der det har kome innspel om behov for tiltak.

I den vidare prosessen – også høyringsrunden, kan det koma nye innspel som kan vurderast før endeleg tilråding til handlingsplan/prioriteringsliste.

Vurdering:

Planutkastet vert no lagt fram med tanke på utlegging til høyring. Arbeidsgruppa vil ferdigstilla handlingsprogram og prioriteringsliste etter gjennomgang i saksgruppa.

Økonomiske konsekvensar:

Det vert arbeidd med kostnadsoverslag knytt til framlegg til handlingsplan.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre vedtek at utkast til Kommunedelplan trafikksikring 2015 – 2025 vert send ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 15.05.2015.

04.03.2015 Saksgruppe næring og utvikling

Arne Bergo frå Sund VA var med under handsaming av saka.

Saksgruppa ber administrasjonen koma med framlegg til prioriteringsliste etter drøftinga i møtet.

SNU- 010/15 Vedtak:

Tilråding frå saksgruppa:

Sund kommunestyre vedtek at utkast til Kommunedelplan trafikksikring 2015 – 2025 vert send ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 15.05.2015.

24.03.2015 Kommunestyret

Leiar i saksgruppe næring og utvikling, Nils Kåre Skoge, orienterte om planframlegget.

K- 016/15 Vedtak:

Sund kommunestyre vedtek at utkast til Kommunedelplan trafikksikring 2015 – 2025 vert send ut på høyring. Høyringsfristen vert sett til 15.05.2015.

Saksutgreiing:

Planforslaget har vore ute på høyring. Det har kome få innspel til høyringsutkastet.

Oddvar Søreide har innspel på at ein ser på nytt på kravet om fotgjengarundergang på FV 555 på Hammersland – og godtek fotgjengarfelt i staden.

Vurdering:

Innspelet frå Oddvar Søreide må drøftast opp mot Statens Vegvesen. Det kan vera tema i vedrulling av Skogsskifteplanen eller reguleringsplan for ny Nord/Sør-veg på Sotra.

Tilråding til vedtak:

Sund kommunestyre vedtek Kommunedelplan trafikksikring 2015-2025.

27.05.2015 Saksgruppe næring og utvikling

Det vart orientert om plan for trafikksikring ved Sund ungdomsskule. Vidare vart det orientert om aktuelt planarbeid for gangveg og VA-anlegg Spildepollen - Glesnes i samarbeid med Sund VA og Statens vegvesen.

SNU- 019/15 Vedtak:

Tilråding frå saksgruppa (samr.):

Sund kommunestyre vedtek kommunedelplan trafikksikring 2015 - 2015.

16.06.2015 Kommunestyret

Leiar i saksgruppe næring og utvikling, Nils Kåre Skoge, orienterte om planen.

Nina Glesnes gjorde framlegg om at det vert innarbeidd eit samla oversyn over alle investeringstiltaka til slutt i plandokumentet. Framlegget vart vedteke som tilleggspunkt til tilrådinga.

K- 048/15 Vedtak:

Sund kommunestyre vedtek kommunedelplan trafikksikring 2015-2025.
Det vert innarbeidd eit samla oversyn over alle investeringstiltaka til slutt i plandokumentet.